



Haakon Aase Tørrmuring  
Litlebergen 29  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1109 - 17/16189

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
01.06.2017

## Løyve til restaurering av Den Trondhjemske postveg - gbnr 99/4 Våge

### Administrativt vedtak. Saknr: 254/17

**Tiltakshavar:** Bjørn Norstrand  
**Ansvarleg søkjar:** Haakon Aase Tørrmuring  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 bokstav k), jf. § 30-4) og 20-3.

### Innleiande merknad – Den Trondhjemske Postveg

Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne er Statens Vegvesen sin verneplan frå 2002. Målet med planen var å fremskaffe kunnskap om og sikre eit utval av vegminne og veghistoriske miljø som representative for norsk veghistorie frå omkring år 1537 og fram til i dag. I Lindås kommune er 25 km postveg valgt ut til å få eit formelt vern gjennom verneplanen. Postvegen er å betrakte som offentleg nedlagt veg og statlig listeført kulturminne. Statens vegvesen har ønskje om å fortsette med vernearbeidet og såleis kunne bevare enda større delar av postvegen til glede for publikum.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om restaurering av ca. 135m av den Trondhjemske Postveg. Vegen kom til skade i forbindelse med tiltakshavars oppgradering av vegen for å få ein framkommeleg veg til hytta si, gbnr 99/24.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid samt eit arbeidsmetode som innfattar det å tolke spor etter opphavleg anleggsarbeid i form av fundamentering, bearbeiding av stein, dimensjonering m.m. Den opphavlege veginstruksen frå 1794 til Den Trondhjemske postvegen, skal nyttas som framgangsmåte ved utbering av vegstrekninga.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.03.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden er ein 3-vekers sak. Fristen var 12.04.2017. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### Planstatus

Vegen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.



### Dispensasjon

Arealføremålet er LNF, men tiltaket tar for seg restaurering av ein allereie etablert veg. Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå LNF.

### Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre uttale frå Statens Vegvesen, datert 24.02.2017. I uttalen vert det vist til dialogmøte mellom tiltakshavar og Statens Vegvesen Region Vest. Statens vegvesen Norsk vegmuseum har deltatt som faginstans i dialogmøta. Statens Vegvesen Norsk vegmuseum har i tillegg vært i kontakt med Fylkeskonservatoren hos Hordaland Fylkeskommune.

Administrasjonen legg til grunn at dei høringsinstansane, som er aktuelle for tiltaket, har uttalt seg i saka.

### Privatrettslige høve

Det ligg føre fullmakt frå heimelshavar, datert 26.02.2017, som gjev tiltakshavar rett til å utføre tiltak for å reparere Den Trondhjemske postveg over hennes eigedom.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering


Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanen, datert 22.03.2017.

### Terrenghandsaming


Situasjonsplanen viser kor istandsetting av Den Trondhjemske postveg skal skje i 2017.

Prinsippskisse av tverrsnitt gjennom Postvegen gjennom flat mark, teikna etter mål og illustrert i veginstruksen frå 1794.

Situasjonsplan, 22.03.2017



Prinsippskisse, 22.03.2017



Prinsippskisse for Postvegen

Merknad: Måla ovanfor er oppgjevne i meter, men refererer til målsetjingar i alen (sjællandske) i instruksen frå 1794. (H. Aase)

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **VURDERING**

#### **Tekniske krav til framgangsmåte**

Tiltaket skal gjennomførast med bruk av den opphavlege veginstruksen frå 1794 til den Trondhjemske postvegen. Det vert sett vilkår om dette i løyvet.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

I uttalen frå Statens Vegvesen, datert 24.02.2017, så vert det vist til ein god dialog mellom tiltakshavar og Statens Vegvesen Region Vest. Statens vegvesen Norsk vegmuseum har deltatt som faginstans i dialogmøta og støtter den arbeidsplanen som føreligg. Fylkeskonservatoren hos Hordaland Fylkeskommune er einig i de tiltaka som er skissert i arbeidsbeskrivelsen. Dei tenkjer at det er gjennomført eit godt stykkje arbeid.

Dei offentlege instansane er såleis godt informert om restaureringa av vegen. Samtlige stiller seg positiv og støttende til både arbeidsplanen og tiltaket.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre fullmakt frå heimelshavar, datert 26.02.2017, som gjev tiltakshavar rett til å utføre tiltak for å reparere Den Trondhjemske postveg over hennar eigedom. Ho gjev uttrykk for at ein mest mogleg autentisk tilbakeføring skal skje. Dette vert sett som oppfylt ved at den opphavlege veginstruksen frå 1794 til den Trondhjemske postvegen, skal nyttas som framgangsmåte ved utbering av vegstrekinga.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Det vert presisert at SAK § 14-3 retter seg til byggverk, ikkje til veg. Samtidig byggjer administrasjonen på formålet med paragrafen, der kommunen har ein viss skjønsmessig adgang til å krevje uavhengig kontroll i tillegg til de obligatoriske krava, basert på lokale forutsetningar. For å ta omsyn til Den Trondhjemske veg sin eigenart og særskilte allmenne historiske verdi, så vil vi sette vilkår om at det må liggja føre endelig godkjenning frå Statens Vegvesen Norsk Vegmuseum samt Hordaland Fylkeskommune v/Fylkeskonservatoren ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav k), jf. § 30-4) og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for restaurering av Den Trondhjemske postveg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal settast i stand på strekinga som vist i situasjonsplan datert 22.03.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal gjennomførast med bruk av den opphavlege veginstruksen frå 1794 til Den Trondhjemske postvegen.
3. Tiltaket skal endeleg godkjennast av Statens Vegvesen Norsk Vegmuseum samt Hordaland Fylkeskommune v/Fylkeskonservatoren, og godkjenning må leggast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

#### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1109**

#### *Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at vegen vert restaurert i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### *Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### *Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjørn Norstrand	Eikebakken 24 A	5038	BERGEN
Haakon Aase Tørrmuring	Litlebergen 29	5918	FREKHAUG
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Judith Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Lajla Waage	Brødbølvegen 116	2224	AUSTMARKA
Statens vegvesen Norsk Vegmuseum	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Statens vegvesen region Vest Bergen Kontorsted	Postboks 3635 Fyllingsdalen	5845	BERGEN

**Mottakarar:**

Haakon Aase Tørrmuring

Litlebergen 29

5918

FREKHAUG